



## Notat

Dato: 16.03.2017  
Arkivsak: 2014/15801-41  
Saksbehandlar: gurklyv

---

**Til:** Pål Kårbø, fung. fylkesordfører

---

**Frå:** Guro Klyve, Eigedomsavdelinga

---

### **Bussanlegg på Stord. Kjøp av tilleggsareal. Signatur på erklæring om arealoverføring.**

Fylkestinget godkjente i juni 2014 kjøp av eigedomen gnr. 27, bnr. 811 på Stord til bruk som bussanlegg.

Hausten 2016 vart det forhandla fram ein avtale med grunneigar om kjøp av ein tilleggsarsell nord for bussanlegget.

Fylkesutvalet handsama sak om kjøp av tilleggsarealet den 08.12.2016, og fatta følgjande vedtak:

*Fylkesutvalet godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av eit tilleggsareal på ca. 3,7 mål av gnr. 27 bnr. 868 i Stord kommune for kr 1.250 pr. m2.*

Vedlagt følgjer kopi av kjøpekontrakt og vedtak.

Stord kommune skal gjennomføre oppmåling av tomta i terrenget den 31.03.2017, og i samband med denne oppmålingsforretninga krev kommunen at partane leverer ferdig signert «Erklæring om arealoverføring». Erklæringa har same funksjon som eit skøyte.

Erklæringa er underteikna av grunneigar. HFK, som er mottakar av arealet, må òg signere på skjemaet.

Kommunen vil etter oppmålinga sende erklæringa til Statens kartverk for tinglysing.

Kjøpesummen er på kr 4.625.000 og kostnadene med kjøpet vert dekt av investeringsmidlane for bussanlegget.

Vi vil betale kjøpesummen til grunneigar etter at vi har blitt heimelshavar til arealet. Dette skjer når arealoverføringa er tinglyst.

Vi ber om at «Erklæring om arealoverføring» vert underteikna i punkt 6 på side 2.

Guro Klyve  
Eigedomsavdelinga

Vedlegg